

Glade menneske som meistar i Vågsøyskulen

PALS, ein skuleomfattande tiltaksmodell.

Hausten 2015 starta skulane i Vågsøy kommune opp eit omfattande prosjekt, med prosjektnamnet: «Glade menneske som meistrar i Vågsøyskulane». Bakgrunnen for satsinga er mellom anna kunnskapen om at det er ein ting som gjeld om ein ønskjer å skape eit trygt og positivt skulemiljø som fremjer læring og meistring for alle: Det må arbeidast systematisk, målretta og langsiktig. Arbeidet må vere tufta på kunnskap. Vi veit i dag mykje om kva som kjenneteiknar eit inkluderande og godt læringsmiljø, og utfordringa for skulane i Vågsøy er å overføre denne kunnskapen til skulen sin kvardag.

Det finst fleire måtar å gjere dette på. Dei fem barneskulane Bryggja, Holvik, Raudeberg, Skavøypoll og Skram har valt PALS-modellen som sitt satsingsområde. Målsettinga for modellen er å fremje elevane sin skulefaglege og sosiale kompetanse, bygge eit godt psykososialt skulemiljø og styrke læraren som klasseleiar. Gjennom strukturert opplæring og rettleiing skal skulane få auka kunnskap og kompetanse om kva som fremmer ein positiv skulekultur og eit godt læringsmiljø for alle elevar og alle tilsette. I Vågsøyskulane sin overordna prosjektplan heiter det at ein ønskjer å utvikle eit godt læringsmiljø for alle. PALS-modellen synes såleis å samsvare godt med Vågsøyskulen sine ønskjer og behov.



Deltaking i PALS er eit omfattande arbeid, varer gjerne 3-5 år og berører mange. Barneskulane i Vågsøy har 531 elevar og ca 100 tilsette. Legg til ei stor foreldregruppe som sjølvstøtt vil ha meiningar om skulen sine vegval, og ein ser at det er tale om ein stor del av befolkinga i Vågsøy. Kommuneadministrasjon og det politiske miljø er informert om prosjektet og vert sjølvstøtt også ønskt inn som medspelarar.

Eg vil i denne artikkelen orientere om korleis PALS-modellen aktivt

kan bidra til å auke tryggleik og positiv samhandling på skulen, og bidra til gode meistringsopplevingar hos elevar og tilsette i skulen.

Det første året arbeider PALS-skulane med fleire tema som er retta inn mot alle elevar og det vi kan kalle *skulens læringsmiljø*. Det er i dag barnelærdom at den viktigaste faktoren for elevane sin trivsel og læring er *læraren*. Det første arbeidsåret vert derfor ressursar sett inn for å utvikle ein felles skulekultur som fremjer gode relasjonar mellom lærar og elev. Målet er å skape ein kultur der bandet mellom lærar og elev vert styrka. Lærarane i Vågsøyskulen vert

opplærte i ein kommunikasjonskultur der det skal jaktast på dei gode opplevingane. Dei vaksne på skulen skal sjå og stadfeste elevane sine. Vi har mykje kunnskap i dag om relasjonar sin betydning for barns læring og trivsel, og denne ønsker vi å ta i bruk. Elevane skal ha oppmuntring, ros og anerkjenning frå vaksne som har blitt seg bevisst betydninga av å kommunisere i ein anerkjennande tone. Dette er grunnlaget for eit levande samspel som kan skape rom for utvikling og læring. Gode relasjonar mellom lærar og elev er eit sentralt startpunkt for å utvikle eit godt læringsmiljø for alle.

Oppmuntring, ros og anerkjenning er sjølve bærebjelken om skulen skal lukkast med å gje elevane meistring, sosialt og fagleg. Dette gjeld ikkje minst elevar som kanskje strevar med å få det til, som ofte opplever korleis det er å ikkje meistre.

I PALS-modellen får dei tilsette konkret rettleiing i korleis dei kan bidra til å knytte band til sine elevar, og korleis dei kan legge til rette for at elevane knyter band seg imellom. Det merkast når ein kjem inn på ein skule som har lukkast med å utvikle ein raus og positiv kommunikasjonskultur. Læringsmiljøet har eit positivt fokus, i motsetnad til å ta elevane i å gjere «feil». I dette arbeidet får læraren med seg eit knippe strategiar. Det kan til dømes brukast ord, blick eller tommelen opp. Læraren vil forsøke å vere ein tydeleg leiar som gjev konkrete tilbakemeldingar. Alt som her er nemnt er synlege handlingar, og det merkast om dei blir gjennomført, slik det også merkast om ein let vere å gjere dei.

Ei side ved PALS-modellen som underteikna finn svært verdifull er drøftingane som skjer mellom alle tilsette og elevane. Elevar og lærarar skal diskutere kva reglar og forventningar dei har til kvarandre. Alle skular har reglar, ofte mange, men forståing og praktisering av desse reglane kan være ulik og tilfeldig. Utvikling og innlæring av nokre få reglar skal, slik PALS-modellen legg opp til, bidra til å fremje positiv åtferd og samhandling og eit trygt og godt læringsmiljø for alle.

Reglane respekt, ansvar og omsorg/venskap står sentralt. Å syne respekt kan handle om sjå den andre, lytte, kome presis til timen og rekke opp handa når du vil seie noko. Ansvar kan vere å ta vare på eige utstyr, halde orden, vere førebudd og delta aktivt i timane. Omsorg og venskap handlar om korleis ein er overfor andre, om ein bryr seg og er ein god

ven. For å lukkast i skulen og for å meistre samspel med andre er sosiale ferdigheter ein viktig kompetanse. Fleire av skulen sine forventningar vil nettopp handle om konkrete sosiale ferdigheter. Desse forventningane vil etterkvart bli synleggjort på skulen sine ulike område og skal aktivt brukast for å utvikle et godt og positivt læringsmiljø.



Fokus på forventningar åleine fremjar ikkje nødvendigvis respekt og ansvar. Dette må også lærast. Elevane må involverast gjennom samtale, øving og praksis og dei vaksne må følgje det opp. I PALS-skular blir reglar og forventningar konkretisert, øvd på og iscenesett gjennom t.d rollespel, som illustrerer situasjonar og val elevane står i.

Kva skjer når eleven ikkje følgjer forventningane? Dei tilsette på skulen vil få opplæring i korleis dei kan møte elevane som av ulike grunnar strevar i læringssituasjonen og i samspel med andre. Reglar skal følgjast opp og handhevast. Grenser skal settast. Elevane vil få hjelp – om dei treng det – til å endre åtferd. Det er eit vaksenansvar å seie nei og å ta i bruk milde, kjende og føreseielege reaksjonar. På same måte som ein i fellesskap reflekterer rundt forventningar i skulen, legg PALS-modellen opp til at lærarkollegiet saman har fokus på korleis negative samspel kan stoppast og endrast. Spørsmålet som må stillast er: «Kva er praksis ved vår skule, og korleis opptrer vi konsekvent på ein respektfull måte?» Vidare er det viktig at vaksne også er opptekne av kva eleven fortel/kommuniserer med sin åtferd. I blant må eleven sin åtferd sjåast i samanheng med kva type erfaringar eleven har, både på skulen og elles. Samarbeid med foreldre og hjelpeinstansar kan ha stor betydning for om skulen skal lukkast med sine tiltak.

For meg som PALS-rettleiar handlar dette utviklingsarbeidet om samarbeid, tillit, om tilbakevendande samtalar om skulen sine behov og om korleis ein skulemodell kan vere eit dynamisk og nyttig rammeverk for arbeidet med skulen sitt læringsmiljø. Nyleg publisert norsk forskning syner at PALS-modellen er verksam. Modellen førebyggjer ulike typar problematferd og bidreg til at meir og mindre alvorleg problematferd i skulen vert redusert.

Vågsøyskulane har sett i gong eit spennande prosjektarbeid. Sentralt i arbeidet vårt nett no er å stille dei rette spørsmåla: «Gjer vi det vi faktisk har planlagt å gjere?» Snakk hjelper lite. Det må handlast. På dette vippepunktet står skulane no. Underteikna har stor tru på at skulane vil strekke seg langt for å nå målsettinga: Elevane i Vågsøy skal både vere glade og dei skal meiste ut frå sine føresetnadar. Det handlar ikkje alltid om å gjere så mykje meir, men snarare om måten ein møter elevane og gjere ting på.

Ingunn Byrkjedal, mars 2016